

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 06. april 2022

Tidspunkt: kl. 0900 – 1200

Som medlemmer møtte: George Fulford, Anne Holstad,
Arnljot Muren, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Camilla Storøy, Margareth Leinebø

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre: Einar Giljarhus Løkken (møtte under behandling av årsregnskapet)

Saker som vart handsama: Sak nr S08/22 – S15/22

Vedtakssaker:

SAK NR S08/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S09/22 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPET FOR 2021

Årsrekneskapet for 2021 er vedlagt – og foreløpig unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Revisor si melding blir lagt ved rekneskapet når den er ferdig. Avsetningar for sikring av deponiet i Fløstranda er lagt inn i rekneskapen for 2021.

Styrehandsaming:

Årsrekneskapen viser eit overskudd betre enn budsjettert

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner årsrekneskapet for 2021 og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

SAK NR S10/22
GODKJENNING AV EIGARMELDING FOR 2021

Eigarmelding for 2021 – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtak, samr.:

Kommentarar til eigarmeldinga 2021 skal sendast til dagleg leiar innan påske. Dokumentet med eventuelle korrigeringar vert sendt ut til styremedlemmane i starten av veke 16 for elektronisk signering.

SAK NR S11/22
To nye stillingar:

- **Servicearbeidar, miljøstasjon**
- **Sjåfør/fagarbeidar**

Saksutgreiing ligg vedlagt innkallinga

Styrehandsaming:

SSR har i dag mykje overtid. Styret meiner at desse stillingane vil sikre betre logistikk og betre effektivitet.

Styret viser til at stillingane er nødvendig for å kunne møte vekst i arbeidsmengd som ein fylje av auka myndigheitskrav til utsortering og behandling av avfallsfraksjonar.

Styret forutset at dei to nye stillingane vil vesentleg redusere behovet for innleige av bil/sjåfør samt redusere bruk av overtid. Styret legg til grunn at det totalt sett vert lite meirkostnader.

Vedtak, samr.:

Styret vedtek å opprette to nye stillingar, som servicearbeidar miljøstasjon og som sjåfør/fagarbeidar, for å sikre effektiv drift. Stillingane skal lysast ut snarast råd.

Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:

SAK NR S12/22

SAKLISTE TIL VÅRMØTET I REPRESENTANTSKAPET

Det vart foretatt ein gjennomgang av saklista og sakene til møtet i representantskapet i mai. Dette er foreløpig er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtak, samr.:

Dagleg leiar og styreleiar utarbeider sakliste i tråd med praksis.

SAK NR S13/22

Referat og orientering etter strategisamlinga i Bergen

Referat, orientering og diskusjon etter strategisamlinga i Bergen.
Sjå referat – som foreløpig er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd

Styrehandsaming:

Referatet vert fulgt opp med tydelege tiltaksplanar med angivelse av ansvar og framdrift for dei ulike saker. Tiltaksplanane vert lagt fram på neste møte. Styret ba om at det vert framlagt eit organisasjonskart basert på funksjonar. Det er eit ønske om at dette blir prioritert da det er eit behov for tydeliggjering av ansvar og roller i foretaket.

Vedtak, samr.:

Styret tek orienteringa til vitande

SAK NR S14/22
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Status sorteringslinje/presse/band
 - o Leveringstid september 2022 grunna stålleveransar
- Status Fløstranda.
 - o Anbud har vore lagt ut på Doffin
 - o Kontrakt er skreve med Brekke og Kleppe AS
 - o Planlagt oppstart i Fløstranda er så raskt som mogleg våren 2022, men nye uforutsette krav fra kommuna må avklarast før oppstart.
- Reknes WMS
 - o SSR har starta prosessen med innføring av Reknes WMS til næring og farleg avfall.
- Branntilsyn i Saunesmarka
- Personalsituasjon/sjukemeldingar
- Arbeidsmiljøundersøking 2021
 - o Undersøkinga er vedlagt innkalling/sakspapir.

Vedtak, samr.:

Styret tek orienteringa til vitande

SAK NR S15/22
Rapport fra ENVIDAN

Saksutgreiing ligg som vedlegg til saka. Styret ønska ei kvalitetssikring av fordeling av kostnader mellom sjølvkostdelen og næringsdelen av selskapet si virksomheit.

Saka er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd

Vedtak, samr.:

Styret ber BDO utarbeide ein rapport med evt tiltak knytta til resultatet av rapporten innan utgangen av april månad 2022. Styret vil behandle denne rapporten på neste møte.

George Fulford
styreleiar

Camilla Storøy
nestleiar

Margareth Leinebø

Anne Holstad

Arnljot Muren

Kjartan Grimstad

Bjarte Uglum

Arnstein Myklebust
Dagleg leiar